

**AVTALE
MELLOM
SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
OG
GULEN KOMMUNE
OM
UTVIKLING, VEDLIKEHALD, DRIFT OG FORMIDLING AV
TUSENÅRSSTADEN "GULATINGET"**

1. Mål og forankring

Denne avtalen har som mål å regulere samarbeidet mellom Gulen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune, frå og med 01.01.2016. Gulen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer med denne avtalen å synleggjere felles ansvar om eit nært samarbeid om vidare utvikling, vedlikehald, drift og formidling av tusenårsstaden "Gulatinget".

2. Tusenårsstaden "Gulatinget" - fylke og kommune

"Gulatinget" er av Fylkestinget i Sogn og Fjordane valt som fylket sin tusenårsstad, jfr. FT-sak 0051/99. "Gulatinget" er også tusenårsstad for Gulen kommune, jfr. kommunestyresak 76/99, og omfattar gards- og bruksnummer 23/9. Kart dagsett 20.02.06 som viser avgrensingane av området, er oppbevart i Gulen kommune.

3. Eigedomstilhøve

Tusenårsstaden "Gulatinget" omfattar verdifulle eigedommar (om lag 147 da grunn, infrastruktur og kunstinstallasjonar).

Gulen kommune eig grunnen (jf. avmerking på kart dagsett 20.02.06).

Sogn og Fjordane fylkeskommune har eigedomsretten til infrastruktur (veg, parkeringsplass, servicebygg), kunstverk som er etablerte på plassen ("Tingveggen", "Tinghella", "Eldsirkele") og ved hovudvegen ("Seidmann"). Også dei innkjøpte "Tingmennene" (5 stk), 6 skulpturar i bronse og 26 papirskisser er Sogn og Fjordane Fylkeskommune sin eigedom.

4. Drift - organisering

Sogn og Fjordane Fylkeskommune, saman med Gulen kommune, har ansvar for utvikling, vedlikehald, drift og formidling av tusenårsstaden. Partane er samde om å nytte sine samla ressursar til beste for det vidare arbeidet med tusenårsstaden.

5. Styringsgruppe

Det vert etablert ei styringsgruppe med to deltakarar frå Gulen kommune og to frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Av medlemmane i styringsgruppa skal ein representere politisk nivå, og ein administrativt nivå. Funksjonstida føl den kommunale valbolken. Innan tildelt budsjett utarbeider styringsgruppa årleg arbeidsplan, og prioriterer oppgåver, framdrift, m.m.

6. Prosjektlear

Det daglege ansvaret for tusenårsstaden vert ivareteke av ein eigen prosjektlear. Dette omfattar:

- Følgje opp og iverksetje vedteken strategi gjennom årlege handlingsplaner med fokus på:
 - Fagleg utvikling og kunnskapsproduksjon
 - Formidling

- Verdiskaping og lokal næringsutvikling
- Nettverksarbeid
- Innan avsett ramme utarbeide budsjett, rekneskap og årsrapport.
- Ta initiativ overfor styringsgruppa til vidare utvikling av Tusenårsstaden.

Prosjektleiar er tilsett i Gulen kommune, og rapporterer der til rådmann.

7. Skjøtsel og vedlikehald kunstverk

På tusenårsstaden er montert store og særmerkte kunstverk utført av kunstnaren Bård Breivik. Retningsliner for/forslag til skjøtsel og vedlikehald av kunstverka er nedfelt i eige dokument levert av kunstnaren ved overdraging. Dette dokumentet er oppbevart i Gulen kommune.

8. Skjøtsel, bruk og vedlikehald av området

Tusenårsstaden omfattar også tilrettelagt amfi og friområde. Området er lagt til rette med stiar og aktivitetsområde. Retningsliner for skjøtsel og vedlikehald er utarbeidd av kunstnar, landskapsarkitekt, e. l.

For skjøtsel og vedlikehald av området kan ein inngå avtalar med frivillige lag og organisasjonar om det praktiske arbeidet. Eit eige utleigereglement sikrar bruken av plassen til varierte kulturaktivitetar.

9. Økonomi

Tusenårsstaden Gulatinget har årleg løyving frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune til ordinært vedlikehald, drift og utvikling.

For tiltak knytt til aktivitet og utvikling utover ordinær drift, må det ordnast særskild finansiering.

Møte- og reiseutgifter i samband med møta i styringsgruppa vert dekkja av deltakarane sine organisasjonar (Gulen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune).

10. Avtaleperiode

Denne avtalen gjeld i 10 år frå 1. januar 2016, ev fram til partane vert samde om anna organisering. Partane kan om ein er samd om det, reforhandle avtalen i perioden. Om ein av partane ønskjer å seie opp avtalen, gjeld ei oppseiing på 18 mndr.

Stad/dato: _____

Stad/dato: _____

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Gulen kommune